



Elevrådet

Ikkje offentleg
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 1

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4412 - 16/22420

Saksbehandlar:

Irene Hystad Hugaas

irene.hystad.hugaas@meland.kommune.no

24.11.2016

Referat frå møte i Samarbeidsutval ved Grasdal skule 16.11.2016

Til stades:

Malin Rasmussen (elevråd)

Birk Haukås Thunold (elevråd)

Serine Sæterstøl (FAU)

Kjersti Vikebø Nesse (Utval for Levekår)

Rektor

Fråfall: To lærarar, ein representant frå FAU og ein frå andre tilsette.

Få tilstades grunna sjukdom.

Saker for Skulemiljøutval (SMU) :

1. Godt læringsmiljø . Kva gjer skulen og korleis verkar tiltaka?

Fellesaktivitetar i eit Zero - årshjul . Elevane meiner det er viktige tiltak og bra for skulemiljøet: fjellturar, FN-dag, blime – dansedag, kick-off for TL-leikar, julefest og vi har ønske om ski – og akedag i mars.

Trivselsprogrammet fungerer godt. Viktig med allsidige aktivitetar for å få flest mulig med. Det er gøy at det er blanding av elevar frå fleire klassar. Elevane seier at dei vaksne må ha vakt og hjelpe TL-elevane meir for å få dei andre elevane til å følgje reglar i leikane. Elevane ønske kortspel og andre spel inne i mediateket i vinter.

Zippy-programmet: Rektor orienterte om dette programmet som vi gjennomfører i 1.-4.klasse for å styrke sosial kompetanse. Det er eit program for psykisk helse (utarbeida av *organisasjonen Voksne for Barn*) og er også tilrettelagt for elevar som har særlege vanskar. Det er 5 lærarar på skulen som var på kurs i september. Vi vil samarbeide med helsesøster og eit større nettverk for dette programmet.

Elevundersøking i 5.-7.klasse: Ikkje-anonym undersøking som heiter *Spekter*, utarbeida av Læringsmiljøsenderet , som hjelper læraren til å kartlegge sosiale mønster i klassen. Vi skal og gjennomføre Elevundersøkinga gjennom Utdanningsdirektoratet , i veke 48.

Aktivitet i friminutt i byggeperioden: Elevar frå 6./7.klasse får bruke ballbingen kvar måndag, og 4./5.klasse kvar onsdag. Det fungerer kjempebra. Det blir også betre plass til dei som er igjen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

2. Saker frå elevane:

-Forslag om leikegrupper for nytilflytta elevar i friminutta

-Det er viktig å respektere matpausen slik at elevane får nok tid til å ete.

-Dei fortel om klassemiljø der det ikkje er nok trygghet til at elevar vågar å gjera feil, svare feil eller spørje læraren om hjelp. Det kan vera frykt for kva læraren seier, eller frykt for at andre elevar skal gjera narr eller le. Det kan vera ein negativ sjargong med ordbruk som er negativ og tullete, og som får elevane til å bli usikre.

SU meiner elevane er flinke til å legge fram saker, og ber rektor ta med disse sakene til lærarmøte.

Saker for Samarbeidsutval (SU):

1. Skulerute 2017-2018 på høyring.

Vi vil påpeike at det er viktig for foreldre å samkjøre planleggingsdagar for skule og barnehagar, og ein bør difor sjå på om 25.08 kan flyttast til ein av skulen sine dagar i august, 15. eller 16.august.

Elevrådsrepresentantane vil diskutere i elevråd deira ønske om å starte skuleåret tidlegare i august og heller ha fleire enkeltdagar fri i løpet av skuleåret.

2. Orientering om utbygging og framdriftsplan

Det ser ut til at arbeidet er i rute. Rektor legg ut bilete og tekst om framdrift etter kvart på heimesida. FAU har delteke med uttale om uteområdet, og er opptatt av at det bør ferdigstillast så snart som mogeleg. Det har fungert bra å ha klasserom i modulbygg.

3. Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.

Rektor sendte ut tekstkommentar for Grasdals skule som ligg i budsjettdokumenta. Vi får ein stor auke på totalt 25 elevar ved skulestart i 2017. Det er 36 nye 1.klassingar som skal begynne då. Alle tenesteområda måtte ta ned 1% av ramma og det førte til kun 50% auke i lærarstilling ved Grasdals skule (planlagt 100%). Det blir også stor auke i sfo-barn, mulig opp til 95 barn, og difor aukar vi med 50% stilling assistent.

Rekneskap for 2016 viser at vi har overforbruk på skyssutgifter grunna vedtak om skuleskyss heile året frå Litlebergen. Balansen i SFO- budsjettet er betre dette året, men det er fleire foreldre som har sagt opp plassen i haust, eller gått ned til kort plass.

4. Saker frå FAU:

Vi har i samarbeid med Vellaget ved skulen forsøkt å finne eit skogsområde i nærleiken vi kan vidareutvikle til uteområdet for uteskule og sfo. Det må gjennomførast med dugnad. FAU ønske å få betre oversikt over sin økonomi, og mulig bidra med eit leikestativ eller/og støtte til at skulen kan reise på skidag og tur over Vidden med 5.-7.klasse.

5. Eventuelt:

Rektor orienterte om at vi nettopp har fått oversikt over resultat på Nasjonale Prøver i 5.klasse, og vi har svært gode resultat i år på Grasdals skule, særleg på lesing. Vi ligg langt over landsgjennomsnittet, og 40% av elevane har mestringsnivå 3. Det er gledeleg. Rektor og lærarane skal reflektere over disse resultatata og sjå på suksesskriteriar.

Med helsing

Irene Hystad Hugaas
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Reidun Elin Johannessen

Sølvi Knudsen (vara)

Utval for Levekår

Mottakere:

Elevrådet

Leiar i FAU

Medlemmer i SU